

Håkon Johan Eliassen
Kvitnesvegen 14
6062 BRANDAL

Til
Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

KLAGE PÅ VEDTAK I NMU SAK PS 46/14

Med dette klagar eg på vedtak i Næring og miljøutvalet av 11.07.2014 i sak PS 46/14. Alv Ottar Folkestad (AOF) hadde saksførebuinga og saksutgreinga som førte fram til vedtaket. Folkestad vert hyra særskilt inn for å handtere saker der eg har partsinteresser som medfører at landbrukssjefen er ugild. Dette har til no vore oppfatta som ein fornuftig måte å gjere det på sjølv om det ikkje er turvande juridisk sett.

Vedtaket i PS 46/14 er truleg i strid med lov, forskrift og rettleiing til forskrift. Det godkjende valdet heng ikkje saman reint fysisk og geografisk.

I heimelsgrunnlaget for vedtaket vert det synt til §10 i forskrift. Den seier dette: **"Valdet skal være sammenhengende - -."** I rettleiinga til §10 står dette: **"Forskriften fastslår at et vald skal være sammenhengende - -."** I teksten finn vi ikkje unntak frå dette, og vi finn heller ikkje noko rom for skjøn. Men rettleiinga har ei viktig presisering: **"Eiendommer der jaktrettshaveren ikke har stilt sin jaktrett til disposisjon, kan godtas innenfor valdets yttergrenser, men ikke som en del av valdets areal. Dersom en eller flere slike eiendommer deler valdet i to, kan imidlertid ikke valdet betraktes som sammenhengende og det kan dermed ikke godkjennes."**

I heimelsgrunnlaget for vedtaket vert det særleg synt til viltlova sin §33 som gir rom for kommunen sitt skjøn når det gjeld vegar og rørgater. Dersom vi ser på den vesle jordlappen til 40/20 på 4,6 daa så er den delt i fire deler, nemleg av to vegar og ei rørgate. Her kan §33 nyttast for å sjå den teigen samanhengande. Lova seier at når ein eig tilstøtande grunn på begge sider av ein veg så har ein jaktrett på vegen, i rørgate og liknande anlegg. Likeeins kan to eigarar som har tilstøtande grunn ha jaktrett på veg og i rørgate. Men i gjeldande sak vert det svært dramatisk når sakshandsamar hevdar at søkjarar har jaktrett på to mellomliggande grunneigedomar slik at dei får samanhengande areal. Ved krysslesing av teksten verkar dette som eit klart lovbrøt. Alv Ottar Folkestad (AOF) hevdar altså i fullt alvor at eigarane av 40/20 og eigaren av 40/26 har jaktrettar både på den kommunale teigen/elveleiet og på 40/23 som er Margaret og Dag Hennum sin eigedom.

Sakshandsamar rettleia utvalet med at dei har stor skjønnsfridom og at eit godkjenningsvedtake er å sjå som lovleg når dei tek med grunngjeving av vedtaket. Sakshandsamar presiserte at kommunen er eit sjølvstendig forvaltingsorgan som har

stort rom for skjøn. Etter min oppfatning førte det fram til at kommunen fatta eit uheimla vedtak.

Når saka om godkjenning av hjortevald til Ståle Brandal likevel må takst opp på nytt, så kan eg minne om § 11 i hjorteviltforskrifta, altså søknad om godkjenning av vald. I rettleiinga til §11 står det m.a. sitat: **"Søker skal dokumentere at rettighetsforholdene i valdet er i orden. - -."** Som kjent er det lite av kartfesta grenser i utmarka som er korrekte i Brandal. Dette har vi erfart i fleire saker no, og vi minner også om brev frå Hennum vedkomande handsaming av eitt av dei godkende valda i Brandal. Det er arbeidskrevjande å gå gjennom gamle uskiftingar med protokollar og kart. Hovuddelen av gjeldande uskifting i Brandal starta i 1874 og var ferdig i 1915, altså ein periode på heile førti år. Men brorparten av pantebøkene som ligg i statsarkiva er no scanna og kan søkjast på nett.


Eg legg ved kopi av ein protokoll frå 1876, Pantebok N Søre Sunnmøre side 152. Den omhandlar m.a. uskifting av teigar for eigedom: Litra M, Løpenr 104, altså det som i dag er bruksnummer 22 på gardsnummer 40. For å lette lesnaden har eg streka under aktuell tekst. Men for ordens skuld legg eg ved ei lita utskrift som eg har laga.

Den aktuelle uskiftinga korresponderer med uskiftingskart. Eg legg ved utsnitt av kartet over dei omtala teigane i Indrekoppen og på Setra. På kartet er dei merka med "M" som omtala i teksten. For å lette den geografiske plasseringa av teig M i Indrekoppen legg eg ved eit utsnitt frå digitalt kart der eg har ført på bokstav (litra).

Den vakne lesaren vil sjå at Litra M i Indrekoppen er med i det omsøkte arealet for hjortevaldet til Ståle Brandal. Teigen er på om lag 40 daa. Her minner eg om rettleiinga til §11, sitat: **"Søker skal dokumentere at rettighetsforholdene i valdet er i orden. - -."**

Av innhaldet i klagen ser vi at Alv Ottar Folkestad ikkje kan ta del i klagehandsaminga. NMU har gjort vedtaket, men grunnlaget er saksutgreiinga frå AOF. Denne klagen er i stor grad klage på saksutgreiinga og mistillit til sakshandsamar. Han er med dette å sjå som ugild i vidare sakshandsaming for vald i Brandal!


Brandal 1. august 2014.



Vedlegg:

1. Detaljert kart som syner at valdet ikkje er samanhengande.
2. Kopi av Pantebok N, side 152.
3. Utskrift frå Pantebok N.
4. Utsnitt av jordskiftekart Indrekoppen i Brandal.
5. Utsnitt frå jordskiftekart Setra i Brandal.
6. Utsnitt av digitalt kart med Litra-merking.

Vedlegg 1.



[illegible]

Utskrift Pantebok N Søre Sunnmøre.

Side 148 ½:

36.

Aar 1876 den 7de Juni blev Udskiftningsforretning sat paa Gaarden Brandal Matr No 110 i Ulfstens Thinglag Søndmøre Fogderi i Hans Johannesens hus under bestyrelse af - -


Side 151 ½:

Den 28de Oktober fortsættes Foretningen - -.

Side 152:

- - . 12 Litr. M. Løbe Nr 104, Eier og bruger Hans Johannesen har ved Udskiftningen erholdt sin Andel af den udskiftede Udmark udskift i 2de Stykker; nemlig i "Indrekoppen" nærmest Litr. L. og den østre del av Sæteren i "Yttredalen". Teigen i "Indrekoppen" begrændses mod syd af Bøggjærdsgaarden, hvor dens Bredde er 129 Alen og mod Nord til Afdragslinjen hvor dens Bredde er 62 Alen. Mod Ost og Vest begrændses Teigen af afstenede rette Linjer. Stykket på Seteren begrændses - -

Vedlegg 4.



Vedlegg 5.

